

Kyrkje og kultur i Sirdal



**Kvævemoen
kapell 50 år**

side 6-7

**Gardsnamn
i Sirdal**

side 8

Kulturkalendar

side 18-23

Andakt

Livbøyen - har du bruk for han?

Livbøyen - han gjer ein skilnad på liv og død, sa dei i eit innslag på nyheitene. Ein mann fortalde korleis han blei redda frå å drukne ved at noen kasta livbøyen til han.

Du veit kva ein livbøye er? Det er denne raude og kvite ringen som heng på båt-

”kan han vere skilnad på liv og død.”

naust, badeplasar og elles ved sjø og vatn. Han ser ganske nyttelaus ut der han heng, men altså i bruk, kan han vere skilnad på liv og død.

Reportasjen fekk meg til å tenkje på Guds ord, og på dei mange Biblane som står eller ligg i hyller og skåp i mange heimar. Nyttelaus der dei ligg, men ei kraftkjelde av dimensjonar i bruk! Påskedag og Jesu oppstode viser oss det.

Tar vi i bruk Guds ord i kvardagen vår, så har vi ei kraftkjelde å ause av i møte med utfordringane livet gir. Vi får eit mål og eit håp for livet, ja, faktisk ein skilnad på liv og død. Jf. Jesu ord i Joh.11,25: "Den som trur på meg, skal leva om han så døyr."

Treng Du Guds ord som livbøye? Eg gjer det.

Brynhild Berg

Større blad!

Kvifor det?

Vi fekk svært mange gode tilbakemeldingar på fyrste utgåva av bladet vårt. Samstundes såg vi alt då vi arbeidde med fyrste nummeret, at vi gjerne skulle hatt

meir spalteplass både til kyrkje- og kulturstoff. Difor utvidar vi nå frå 16 til 24 sider. Større enn det ynskjer vi ikkje å gjera bladet. Vi vil heller satsa på å halda høg kvalitet på innhaldet.

Innhald i bladet

Eining for kultur i Sirdal kommune har direkte ansvar for på lag ein tredel av spalteplassen, mens kyrkja står for resten av stoffet.

Kultursider

Kultureininga har fast med kulturkalenderen for Sirdal, eit bilete frå gamle arkiv og elles ulikt aktuelt stoff – denne gongen er også 17.mai-programmet både for Øvre Sirdal og Tonstad med.

Kyrkjestoff

Kyrkja vil fast ha med oversyn over gudstenester og over kven som har ansvaret for ulike funksjonar i kyrkja. Vi vil og ha ein liten andakt, miljøtips og

stoff for barn og ungdom. Presentasjon av nokre representantar for dei 30 ulike nasjonane som nå er å finna i Sirdal, byrja vi med i første nummeret, og det held vi fram med nå. I dette nummeret byrjar vi og ein serie om gardsnamn i Sirdal.

Når det gjeld aktuelt stoff, vil vi på eine sida sjølvstakt fokusera på det som måtte vera av

store kyrkjesaker – i dette nummeret har difor 50-års jubileet for Kvævemoen kapell fått mykje plass – på andre sida vil vi peika på andre aktuelle saker av ulikt slag – denne gongen spesielt på Kyrkjetrimmen med fleire interessante turar i samband med gudstenestene i sumar. God lesing!

Lars Audun Fodstad



Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 2/2012

Utgevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.
4 utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Per Øistein Rogstad.
Noahs ark-sidene: Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland.
Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsidedfoto: Per Øistein Rogstad



Sirdølar et regnskog

Nei, det er ikkje tvilsame hagemøblar av teak, akasie og mahogni det skal handle om denne gongen. Det er matvarene som ligg i handlekorga di, eller rettare sagt: palmeolja som er løynd i desse matvarene.

Inneheld matvarene *vegetabilisk olje* eller *vegetabilisk fett* ? Då er det truleg palmeolje du har i handlekorga - ein liten bit regnskog. Palmeolja i norske matvarer kjem i hovudsak frå plantasar i Malaysia og Indonesia. Palmeoljeindustrien fortrenger og øydelegg regnskogen i desse landa.

Kva kan du gjere med dette?

Skriv under på kampanjen *ikke spis regnskog* på www.regnskog.no. Grønn Hverdag og Regnskogfondet starta kampanjen for å fortelje norske matvareprodusentar at dei må bruke mindre palmeolje og lage sunn og miljøvennleg mat.

Kjøp varer utan palmeolje. Tabellen gjev oversikt over det palmeolfjefrie vareutvalet på Tonstad. Du kan lese meir om palmeoljeinnhaldet i ulike matvarer i *Palmeoljeguident* som er lagt ut på nettsidene til Grønn Hverdag og Regnskogfondet.

Sven Sandvik

Coop Marked og Nærbutikken, Tonstad

Produkt utan palmeolje	Kategori	Produsent
Denja salater	Annet	Rieber & Sønn
Maggi buljonger	Annet	Nestlé
Mills kaviar, majones og remulade	Annet	Mills
TORO desserter, gryter, moussaka, bakeprodukter, supper og sauser	Annet	Rieber & Sønn
Nestlé Cheerios, Nesquik og Fitness	Frokostblanding	Nestlé
Eldorado Pommes frites og strips	Frossenmat	Unil
Findus fiskepinner, alle typer	Frossenmat	Findus
Findus friterte potetprodukter	Frossenmat	Findus
Pizza Grandiosa, Big One og Orginal, Hold-it og Stabburet Pai	Frossenmat	Stabburet
Stabburet Makrell, Laks og Peppermakrell	Hermetikk	Stabburet
Trondhjems hermetikk, alle	Hermetikk	Rieber & Sønn
Fiberrik, alle variantar	Kjeks	Sætre
Gullvafler Dobbelvafler vanilje	Kjeks	Sætre
Start	Kjeks	Sætre
Sætres beste Fine Rugkjeks	Kjeks	Sætre
Bremykt og Bremykt flytende	Margarin	Tine/ Fjordland
Melange flytende	Margarin	Mills
Vita hjertego, hjertego flytende, og Proaktiv	Margarin	Mills
Den Lille Nøttefabrikken, alle utanom youghurt nøtter	Nøtter	Brynild Gruppen
Michaels Farm, alle typer	Nøtter	Brynild Gruppen
Fredagsmiks m/ French Fries	Potetchips o.l	KiMs
KiMs alle utanom Cheez Doodles, Twisters, Fredagsmiks Cheez Doodles og Fredagsmiks Smash	Potetchips o.l	KiMs
Maarud potetgull, alle typar	Potetchips o.l	Maarud
Sørlandschips, alle typar potetchips	Potetchips o.l	Sørlandschips
X-tra potetchips, alle typar	Potetchips o.l	Coop
TINE Revet ost	Revet ost o.l	Tine
Freia Melkesjokolade, Firkløver, Fruktnett og Walters Mandler	Sjokolade/godteri	Kraft foods
Nidar Bamsemums, Bergene, Caramello, Crispo, Kremtopper, Laban seigmenn, Marsipan, Mokka bønner, Nero, Stratos og Nidar Favoritter Jul	Sjokolade/godteri	Nidar

Me er så takksame som får bu og arbeida i Sirdal

- Me drøymde om å få eit godt liv i Noreg, og nå har dette gått i oppfylling, fortel familien Edrolin. Dei representerer ein av dei i alt 30 ulike nasjonane som nå er å finne i Sirdal.

I Sirdal bur det nå menneske frå om lag 30 ulike nasjonar. Nå kan me med rette tala om «fargerikt fellesskap!». Det var så godt å koma inn i stova til Elisa og Pedro. Bordet var duka som til gjestebod, kaffi og nybaka krydderkake lukta og smakte godt.

Frå Filippinane.

Familien Edrolin kjem frå Filippinane. Dette er litt upresist sidan Filippinane er eit stort øyrike. Den sørlegaste store øya heiter Mindanao, og nord på denne ligg

byen Cagayan de Oro der dei kjem frå. Byen er om lag så stor som Stavanger.

Til Noreg.

Elisa kom til Noreg i oktober 2002. Ho fekk norskundervisning, og lisens som hjelpepleiar i Sirdal. Etter eitt år blei ho godkjend sjukepleiar slik ho hadde vore på Filippinane.

Pedro kom hit i februar 2006. Her fekk han sitt fyrste møte med snø! Han har prøvd skia i hagen, men har ingen planar om å driva denne idretten vidare! Pedro

arbeidde som sveisar i heimlandet. Etter to år utan jobb, men med språkkopplæring, fekk han jobb på STEIS.

Takkar kyrkja.

Både Elisa og Pedro legg vekt på at kyrkja, dei tilsette der, og folk frå kyrkjelyden var til stor hjelp for dei i integreringsprosessen. Pedro er med i Blandakoret der han ofte lyfter stemninga med sitt alltid glade: «Hallo alle sammen!» Dette har blitt hans varemerke.

Borna.

Elisa og Pedro har to born i Sirdal, Erika 25, og Endroe 20. Dei kom til Sirdal april 2005. Elisa seier ho er så glad dei fekk byrja på skule med det same. Erika tykte det var litt tøft å starta på skulen når ho var mørkhuda, slik ho ordla seg. Norske elevar er kanskje litt redde for å ta kontakt. Men på Sirdal vidaregåande var det greitt, og ho fekk også stor støtte frå lærarar der. Endroe syntest det var lettare. Han sa at mange i klassen gleda seg til at det skulle koma ein ny elev frå ein annan kultur. «Elevane tok kjempegreitt imot meg», sa han.

Taekwondo.

Både Erika og Endroe er filippinske





meistrar i sine aldersklassar i den eldgamle kampsporten Taekwondo som tyder «Hånd-fot-kunst». Då må me også ta med i reknestykket at det bur meir enn 90 mill menneske på Filippinane! Erika har nå lærlingplass som frisør på Bryne. Endroe har prøvd å få lærlingplass i Sirdal. Mens han ventar, jobbar han m.a. på Statoil.

Varm velkomst.

Då borna kom til Sirdal, fekk Elisa ei god og varmande oppleving: Ein brukar på Sirdalsheimen kom med nokre pengar til

hende. Det skulle vera ei velkomstgåve til borna hennar!

Har eit godt liv.

Elisa og Pedro er så glade for det gode tilværet dei har fått. Dei drøymde om å få eit godt liv i Noreg, og nå har dette gått i oppfylling: Eige hus, god jobb, borna rundt seg, og mange gode vener!

Katolikkar.

Elisa og Pedro høyrer til den Filippinske Uavhengig Katolske Kyrkja. Elisa gjekk på ein protestantisk vidaregåande skule,

og kjenner seg vel heime i Den Norske Kyrkja. Pedro sa det slik: «Ulike kyrkjesamfunn? Det er då Gud me tilbed, og han tenkjer vel ikkje på ei spesiell kyrkje?!»

Elisa blei norsk statsborgar i 2011. Erika og Endroe skal søkja om borgarskap i år. Til sist må eg berre få seia kor glad eg er for det gode mangfaldet me har. Pedro, Elisa, Erika, Endroe: Me set pris på dykk, og er glade for at de bur og trivst her i Sirdal!

Sven-Egil Testad

Kvævemoen kapell runder 50 år

31. mai 1962 blei Kvævemoen kapell vigsla av agderbiskop Kåre Støylen. 25.-28. mai vil vi feire kapellet sine første 50 år. Det blir markert med konsertar, jubileumsutstilling og festgudsteneste.

Grunnsteinen til Kvævemoen kapell vart lagt ned av biskop Karl Martiniussen 9.mai 1960, og kapellet stod ferdig 31.mai 1962. Kommuneutskot og pengegáver frá mange gjevarar gjorde det mogleg á få reist kapellet. Den erfarne arkitekten Waldemar Hansteen teikna kapellet og laga kostnadsoverslag. Det er plass til om lag 100 personar i hovudsalen. I salen under galleriet er det plass til om lag 70. I underetasjen er det matsal, kjøkken, garderobe og toalett.

Reist av lokale folk

Kapellet vart bygt av ein solid, lokal arbeidsgjeng. Nils Tjørhom var bas. Med seg hadde han Ingvald Tjørhom, Reinert Tjørhom, Torleiv Tjørhom, Sven Tjørhom, Johannes Omlid, Sven Stølsro og Trygve Fidjeland.

Utsmykking

Utsmykking, altertavle, glasmaleri og utkast til alterparti stod Kari Ryen for. Sven Valevatn har laga preikestol og døypefont. Altertavla vart i 1984 bytt ut med ein bileteveg laga av Else Marie Jakobsen. Alterbiletet er rikt på symbolikk.

Kyrkje og kultur i Sirdal 6



Først og fremst er det den oppstadne og sigrande Kristus framfor den tomme grava, men korset går igjen både i forma til teppet og i biletet. På biletet kan ein også sjå ei due som er symbol på Den heilage

ande og nokre gullsommarfuglar som er symbol på dei som er frie og heilage i Kristus. Mange av symbola i biletet vil nok forskjellige menneske tolke ulikt ut frå eigen livssituasjon.

Nytt orgel

Orgelet i kapellet kom på plass i 1983, og det er bygd av firmaet G.F. Steinmeyer i Tyskland. Tidlegare stod det i Lunde kyrkje. Den tyske orgelbyggjaren Rudolf Janke restaurerte orgelet og sette det på plass i kapellet.

Nytt teppe til midtgangen blei levert av Ledaal teppeveveri i Stavanger like før jul i 2005.

Universell utforming

Soknerådet har i mange år arbeid for universell utforming ved kapellet, slik at alle kan kome inn. I jubileumsåret er det difor særst gledeleg at vi kan fullføre dette arbeidet. Arbeidet er godt i gong, og ein håpar at det skal stå klart til jubileumshelga. Det blir bygd ny inngang til kjellaren på vestsida av kapellet, og det blir sett inn ein enkel heis opp til salen i hovudetasjen.

Dei første

Dei første som vart døypte i kapellet (6. oktober 1963), var Helga Tjørhom (Hadland) og Åse Tonette Haugen (Undheim). Helga er dotter til byggmeisteren, Nils Tjørhom. Det første brudeparet var Olau Irene Sinnes og Andreas Austdal (16. september 1967).

Den første som vart gravlagt etter kapellet kom i bruk, var Lars T. Fidjeland (1891 – 1963).

Historisk oversyn

Magnar Undheim har skrive ein lengre artikkel om Kvævemoen kapell i årsskriftet til Sirdal Historie- og kulturvernlag. Dette heftet er til sals ulike stader i Sirdal, og vil vere tilgjengeleg under jubileet.

Per Øistein Rogstad

Program for jubileumshelga



Fredag 25. mai:

Kl 20.00 Konsert med Randi Tytingvåg i Kvævemoen kapell

Kr 100 i inngangspengar

Kl 21 Opning av jubileumsutstilling på Sirdal Fjellmuseum

Sundag 27. mai

kl 14.00 Kulturvandring og konsert ved Tollkohedlaren

Oppmøte ved Sirdal Fjellmuseum.

Transport med veteranbilar, «Turisten» og til fots til Degdammen nær Tollkohedlaren.

«Om Tollkohedlaren» v/ Magnar Undheim. «Om heieliv» v/ Torjus Kvæven.

Friluftskonsert med Kirsten Bråten Berg og Daniel Sanden Varg.

Dersom det er dårlig vêrmelding flytter vi konserten til kapellet.



2. pinsedag måndag 28. mai

Kl 11.00 Festgudsteneste i Kvævemoen kapell

Sokneprest Sigurd Flydal, prost Hilde Sirnes, tidlegare sokneprest Sindre Eide.

Festkyrkjekaffi på Sirdal Fjellmuseum etterpå.

Alle arrangementa er opne for alle

Gardsnamn i Sirdal

Kvifor heiter ein stad det den heiter? Kvifor heiter det Tonstad eller Suleskard eller Haughom?

Eller kvifor heiter eit skar «Olavsjelå» eller ein knut «Daureknuten»?

«Kyrkje og Kultur i Sirdal» vil i nokre nummer framover koma med døme på stadnamn i dalen og freista finna ut kvifor dei heiter det dei gjer.

For «moro» skuld har me tatt med ei strofe eller to frå eit gardsrim. Desse skal gje ei karakterisering av eit eller anna spesielt ved denne garden eller folket der. Men ofte kan omtalen vera rein karikering, men då helst i godlynt form. Det kjem nok helst an på øyra som høyrer.

Steinar Tjumlid

Kjelder:

Eikeland: Segner og historier frå Sirdal.

Seland: Sirdal. Gard og ætt

Særheim: Sirdal. Namn og stader



Foto: Torkel Magne Liland

Viraksgrenda

Ein av dei fyrste gongene namnet blei bruka var så langt attende som ca. 1270. Skrivemåten var då «Vidarak i Sirudali». Første stavinga tyder truleg vid eller utstrakt, medan siste delen er gammalt for kvegveg eller buveg.

Altså ein vid dal eller open plass der ein dreiv bufeet.

På garden er det tre store gravhaugar. Funn av både koparkjele og

sverd tyder på at garden er frå folkevandringstida, ca. 400 – 600 e. Kr. Elles er folka på Virak kjende for å vera stolte både garden sin og konene sine.

I eit gammalt rim heiter det:

*«Virak drenje, vie sengje,
Lengste lånen, venaste kânen»*

Steinar Tjumlid

Påsketur til Vardefjell

I påska blir det arrangert mange andaktar i Sirdal. På Øksendalsheia var det lite snø, men tur og andakt blei det likevel.

Som i fjor svikta snøen oss også i år til Espelirennet påskeaftan. Likevel vart det renn, då utan ski, til fots mot toppen av Vardefjellet. 35 personar møtte fram til andakten på Rubetjødne-bakken. Tore heldt andakten, slik han har gjort det gjennom mange år no. Takk skal du ha Tore. Utsikten mot ei snødekt fjellrekke i nord var god løn for strevet opp berga mot varden. Flott! Likevel ynskjer me oss snø neste år!

Sven-Egil Testad



Aktuelle turar i sommar

Kyrkjetrim og naturlosturar har kyrkjelyden hatt i fleire år. Det vil seie at vi har ein tur i samband med ei gudsteneste.

I sommar har me desse turane:

13. mai Den gamle kyrkjevegen frå Guddalsbrua til Seland

Turen startar etter gudstenesta i Tonstad kyrkje denne dagen.

27. mai Naturlostur og friluftskonsert ved Degdammen nær Tollkohedlaren. Oppmøte ved Sirdal Fjellmu-

seum kl 14. Sjå elles program for kyrkjejubileet ved Kvævemoen kapell side 7.

19.juni Tur frå Laugstøl til

Espetveit. Denne dagen er det gudsteneste i Haughom kapell. Turen er meldt inn som naturlostur og det er Gudmund Eitland som vil leia turen. Dei som ønskjer det, kan òg få sjå inn i det gamle langhuset på Sandvatn. Turen går i hovudsak langs ein skogsveg, og det blir rast på stølen Slettabø.

29. juli Olsokgudsteneste på Kvinnen turiststasjon. Det går felles tur frå Donsen i Solheimsdalen kl 09.30. Gudstenesta er kl 12.30 inne på turiststasjonen. Dette er også ein av naturlosturane våre.

5. august Ordførarens tur til Ovedalsgruvene. Den går etter gudstenesta i Tonstad kyrkje. Turen kan du lese meir om på side 23.

PØR



Noans Ark

Jarle Waldemar til Tonstad søndag 6 mai

"Jarle Waldemar (33 år) er barneevangelist og reiser rundt i landet og forkynner evangeliet gjennom sang, musikk, kreativ preike, drama og trylling. Han møter mange tusen barn hvert år gjennom sine reiser.

Jarle Waldemar produserer Jarle-TV, som er et kristent barne-TV på DVD, som inneholdt trylling, musikkvideoar, drama, dokketeater og kortfilmer. Du kan lese meir på <http://www.jarle-tv.no>. Han har også gitt ut fleire barneCDar med notehefte og singback.

Jarle er gift med Karina. Dei har tre barn; Rebecca, Philip og Andreas. Familien bur på Hamar. Mange trur at "Waldemar" er Jarles mellomnamn, men det er ikkje rett. Waldemar er etternamnet! (frå www.barnesang.no) Dette er fjerde gongen Syskenringen i Sirdal inviterer til ei slik storsamling ute i Tonstad sentrum.

Me håpar akkurat DU kjem!



Program for dagen:

Kl.12: øving med lokale barn på Eliastunet. Møt opp!

Kl.14: Sprell levandesamling på Eliastunet m/Jarle Waldemar

Grilling: ta med grillmat og drikke.

Hei alle saman!

Mai er ein månad med mange festdagar. I år vert 17.mai ein dobbel festdag fordi me både feirar Noreg sin bursdag og det er Kristi Himmelfartsdag; dagen då Jesus sa ha det til venene sine for å dra tilbake til Gud. Litt seinare i mai feirar me Pinse til minne om at Gud sende oss Den heilage Ande. Den heilage ande hjelper oss slik at sjølv om me ikkje kan sjå Jesus lenger, kan han no vere alle stader på ein gong. Tenk så fantastisk! Dersom du går inn på <http://www.imf-ung.no/forkynning/bibelhistorier/> kan du høyre forteljinga om Filip og hoffmannen som handlar om akkurat dette.


Ha ein riktig god sommar!



Ragnhild Maria og Inger Solveig



Agentutfordring:

Kor mange gonger i løpet av ein dag hjelper du andre eller seier noko fint til dei? Tel alt det gode du gjer i løpet av ein dag, og skriv gjerne til oss og fortel om noko av det du har gjort!



Den heilage ande vert ofte symbolisert med ei due. Difor kan det vera fint å laga papirfuglar som ein kan henga i hagen, på verandaen eller i vindaug. Når andre ser fuglane, lurer dei kanskje på kvifor dei heng der. Då kan du fortelje dei at fuglane skal minne om at Gud er her på jorda!

I sist nummer av Kyrkje og kultur oppmoda me alle til å sende inn teikningar av "kyrkja mi", og nokre av dei flotte bileta ser du her!



Desse flotte teikningane er laga av Miriam Høyland, Benjamin Tronstad, Aurora Tjørhom og Kristoffer Omlie. Tusen takk!

Til neste nummer ønskjer me oss teikningar av noko av det flotte Gud har skapt.

2.pinsedag, 28.mai kl.11, ropar me Hipp, hipp hurra! for Kvævemoen kapell som vert 50 år, og både store og små er inviterte til Kyrkjebursdag! Sprell levande vert med, og me håpar så mange som mogleg kjem for å feire det flotte kapellet vårt.

Barnelag på Øksendal skule

Annan kvar tysdag kl 17.00 samlast det mellom 7 og 12 barn til barnelag på Øksendal skule. Her er også god plass til fleire. Det kjem born heilt frå 2-12 år. Laila Øksendal og Gry Eitland er leiarar og troppar opp kvar gong. Laila har vore med heilt frå starten og hugsar at dei starta opp i 1990. Fleire andre har vore med som leiarar i løpet av dei 22 åra som har gått.

Det skjer mykje gøy i løpet av den halvanna timen barnelaget varar. Fyrst samling med song, andakt og utlodding. Deretter er det fri leik i gymsalen. Og til slutt samlast alle kring bordet og et kveldsmat, bollar eller noko anna godt. Då vi var innom dei spreidde kakaolukta seg på heile skulen, og ungane storkosa seg.

Neste samling er tysdag 8. mai. Hjarteleg velkomne!



Tips oss gjerne om andre aktivitetar for born vi kan skrive om!

Sirdal ungdomskor har blitt Revelation

I januar vart Sirdal ungdomskor starta på nytt, no som Revelation. Koret blir dirigert av to unge dirigentar; Ane Bendikte Haugom og Ruth Juliane Kydland.

Ragnhild Maria Sandvik har teke ein prat med dei to nye dirigentane, Ane Bendikte Haugom og Ruth Juliane Kydland.

Dei omtalar seg sjølve som songglade, positive, vimsete og engasjerte, og boblar nesten over når dei skal fortelje om koret: Me har det utruleg kjekt saman, me lærer nye songar og får felles interesser. Ikkje minst vert me kjende med nye, flotte menneske!

Namnet

Kva tyder Revelation?

Det tyder openberring, så me har mykje å leva opp til, smiler jentene. Koret syng mange ulike kristne songar, alt frå gospel til rock og rolege pop-balladar, og alle over 13 år kan bli med. Ein treng ikkje vere nokon artist for å bli med, seier Ane Bendikte. ALLE er velkomne! Og så er stemninga så herleg uformell!



Fleire medleamar

Planen framover er å få endå fleire medleamar, få fleire songoppdrag og halde fram med å ha det like artig som no. Koret skal òg i gong med ein nydeleg rockesong som heiter «Oh, happy day».

Jentene drøymmer om ei gudsteneste der

alle er velkomne, kyrkja er stappfull, det er ei flott preike og masse song og musikk av Revelation og resten av kyrkjelyden. Alle syng av full hals... Og dansar! legg Ane Bendikte til med eit stort smil.

Ragnhild Maria Sandvik

Årets konfirmantar

Årets konfirmantkull er ein herleg og positiv gjeng. Vel verdt litt skryt! Personalet på Gautestad leirstad meinte at dei hadde aldri opplevd så greie konfirmantar.

Dei har vore flinke til å møta på samlingane, og me som jobbar med dei synes me er heldige som får vera ilag med dei. Konfirmantane frå Øvre Sirdal og Tonstad har hatt dei fleste samlingane felles. Nokre samlingar har dei hatt heime i familiar, og då har dei vore kvar for seg. Nyleg hadde me temasamling i kapellet på Kvæven, og då fekk dei i oppgåve å intervju kvarandre litt om konfirmasjonstida, og ta bilete av kvarandre til dette bladet.

Då konfirmantane spurde kvarandre kvifor dei hadde valt å vera konfirmant, var det ulike svar å få. Nokre av dei meinte det var for å vera ein del av fellesskapet, få svar på spørsmål og læra meir om den kristne trua. Andre valde kristen konfirmasjon fordi det vankar mykje pengar til konfirmasjonsdagen. Då dei blei spurde



om det var lærerikt å vera konfirmant meinte dei fleste ja, og at dei hadde fått eit nytt syn på mange ting. Fleire av dei meinte at konfirmanttida påverka dei på ein positiv måte.

Kva har du lært spurde jentene kvarandre, og oppsummerte til eit felles svar: "Vi har lært at Bibelen kan gje oss svar, og at vi må ta eigne val".

Alle var einige i at høgdepunktet så langt i konfirmasjonstida har vore konfirmantleiren. Der likte dei godt opplegget og fellesskapet. Elles har dei vore godt nøgde med pizzaen som har vorte servert på samlingane. Me har hatt dei fleste samlingane så tidleg på ettermiddagen at dei ikkje har rukke middag heime fyrst, så derfor har me starta med pizza fleire gonger.

Inger Solveig Høyland

Konfirmantar i Tonstad kyrkje 3. juni:

Sandra Åsemoen
Sondre Gyland
Dee Sa Lee Na Htoo
Sirriann Risnes
Marita Skårdal Solhom
Lars Kåre Egelandsdal Skeie
Sigurd Forfang Josdal
Ida Risnes Hansen
Gaute Ovedal Vatnedal
Håvard Sinnes Haugthom

Konfirmantar i Lunde kyrkje 10. juni:

Roger Havn Vik
Peder Haugen
Morten Haugen
Espen Bjunes

Sommarkonsertar i Sirdal

27. juni og 12. juli blir det sommarkonsertar i Tonstad Kyrkje.

Onsdag 27. juni kl. 19.30 er det sommarkonsert i Tonstad kyrkje med **Ingrid Elisabeth Berg og Ragnhild Maria Sandvik**. Det vert eit variert klassisk program med innslag av folketonar, og både orgelmusikk, piano og song.

Ragnhild Maria Sandvik har si utdanning frå Universitetet i Stavanger, Det kongelige danske Musikkonservatorium og Høgskulen i Bergen, og har studert hjå mellom anna Erling R. Eriksen, Milena Dratvova og José Ribera. Sidan 2008 har ho vore del av Duo da Lontano saman med fløyttist Marianne Hafsaas.



Ho er no tilsett som kyrkjelydsarbeidar i Sirdal og lærar i SmøK.

Ingrid Elisabeth Berg har utdanning i både piano og orgel frå Griegakademiet i Bergen, og master i utøvande orgel frå Musikhøgskolan i Piteå der ho studerte hjå Hans-Ola Ericsson. Ho har hatt konsertar under Festspillene i Bergen og

Bodø internasjonale orgelfestival og skal i juni ha solokonsert i Berner Münster. Ho er no tilsett som kantor i Vardeneset, Stavanger.

Torsdag 12. juli kl. 19.30 blir det konsert på cello, orgel og cembalo. **Anna Carlsen** (t.h.) frå Skien spelar barokk-



cello og **Ghislain Gourvenec** (t.v.) orgel og cembalo. Det blir musikk frå barokken. Det blir tatt opp kollekt på begge konsertane.



Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og annekshytter
Rehabilitering av gamle bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Oftedal, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@oftnb.no

Flekkefjord og Treland Begravelses- byrå

Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnavt

SKRIFTHUGGER
kommer til kirkegårdene
hver vår

**Haugom, Tonstad, Lunde
og Kvævemoen**

Navnetilføyer, oppfriskning av
gravmonumenter, omslipinger
utføres på stedet

Ring for info og bestilling snarest.
Johan Egeland, Kvinesdal
Tlf: 901 07 649



Lister
begravnelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

Vaktttelefon
489 55 200

Eilif Sandvand Galdal
91880109

Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



Nærbutikken, Tonstad



Tonstad Autosenter
Statoilservice, Tonstad
Åpent hver dag til kl 22.00

Tonstadv. 17, 4440 Tonstad.
38370142



Tonstad
Gratis
Bilvask

Få vaskekort
Få hver 6. vask gratis
i vår nye vaskeautomat

4440 Tonstad
Tlf 383 70048

Takk til våre støtteannonsører

Coop Marked Tonstad

Tonstadv 27, 4440 Tonstad,
tlf 38370123,
E-post: tonstad@marked.coop.no

Fjellbutikken AS

Suleskard, 4443 Tjørhom, 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

Fokus Næringsselskap

E-post: post@fokus.naeringsselskap.no
Web: www.fokus.naeringsselskap.no

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Sageneset feriesenter a/s

Neset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: feriesenter@sageneset.no
Web: www.sageneset.no

Sinnes Fjellstue

Sinnes, 4443 Tjørhom Tlf: 90708457
E-post: post@sinnesfjellstue.no
Web: sinnesfjellstue.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
Webadresse: www.sirakvina.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,
Web: www.srlag.no

Sirdalshytta

Postboks 143, 4441 Tonstad
tlf 38377880
e-post: post@sirdalshytta.no

Sirekroks Landhandel

Oml, 4440 Tonstad, tlf 38371857

Sparebank 1 SR-Bank

Pb 24, 4441 Tonstad, tlf 02002
tom.leif.rusdal@sr-bank.no/
astri.ousdal@sr-bank.no www.sr-bank.no

Tonstad Bakeri

Ytregarden 12, 4440 Tonstad
tlf 38370114, e-post: bagaren@online.no

Tonstad Foto og Papir

Josdalsv 2, 4440 Tonstad
tlf 38370455, e-post: tonfot@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonsenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
tlf 38377480 Mob. 918 61 534
www.tonstadli.no

Kyrkjesenteret i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25
Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad
www.sirdal.kyrkja.no

Telefon:38371600
Telefaks:38371601

Sokneprest Sigurd Flydal:
prest@sirdal.kyrkja.no/45248536

Kyrkjevevje Per Øistein Rogstad:
pr@sirdal.kyrkja.no/41457584

Kyrkjelydsarbeidar Ragnhild Maria Sandvik
rms@sirdal.kyrkja.no/93652713

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland
ish@sirdal.kyrkja.no/95202865

Organist Hanne Birgitte Fodstad
organist@sirdal.kyrkja.no/97678368

Haughom kapell:
Arne Skregeli, kyrkjetenar
Rona Beth Dacara Testad, reinhaldar

Tonstad kyrkje:
Tone Marit Bjørnstad, kyrkjetenar

Lunde kyrkje:
Karl Edvald Fjeldsaa, kyrkjetenar
Gunn Siri Ousdal, reinhaldar

Kvævemoen kapell:
Ester Tjørhom, kyrkjetenar

Sirdal sokneråd
Arnhild Bjørndal, leiar, tlf 92623265
Johannes Tjørhom Hompland
Svein Arnfinn Hompland
Inger Johanne Ousdal, nestleiar
Kent Henrik Seland
Velaug Ådneram.

Vara: Ingunn Berstad Tonstad
Karen Solveig Tonstad
Stein Bergsåker

Loppemarked på Tonstad bedehus

23. juni er det klart for loppemarked på
Tonstad bedehus.

Dørene åpner kl. 10.00.

Auksjonen starter kl. 11.00.

Hvis du har noen lopper å gi kan dette
gjøres:

Onsdag 13. juni kl. 18.00-20.00

Tirsdag 19. juni kl. 18.00-20.00

Vi tar i mot det meste, så lenge det er
rent, helt og virker. Ikke klær og sko.

Pengene kommer til å gå til oppussing.

Hvis du lurar på noe, ta kontakt med

Laila 48 26 59 94

Hildegunn 99 40 22 61

Marianne 46 66 85 66

Julemesse

Misjonssambandet arrangerer sin årlege
julemesse på Tonstad 23.-24. november.

Tveit og Tjomlid

Alt i graving, sprenging og
massetransport.

Oftedal, 4440 Tonstad
mob 915 13 408

E-post: post@oftnb.no



Slekters gang

Døpte

Kvævemoen kapell

29.1 Karoline Morel Strømsvåg

29.1 Lars Suleskard

15.4 Viljar Kvalvågnes

Tonstad Kyrkje

12.2 Dee Sa Lee Na Htoo

Døde

Lunde kyrkjegard

23.12 Åsa Skreå

21.3 Olga Tjørhom

Tonstad kyrkje

9.12 Bjarne Modal

13.12 Magda Halvorsen

10.1 Anne Lise Liland

8.2 Kristoffer Kjell Ådneram

16.3 Anna Jenny Tonstad

13.4 Sigrid Kvernmo

Landes Begravelses- byrå as

Når du trenger oss

Døgnvakt tlf.

90098006



Elveg. 15 4400

Flekkefjord

tlf. 38 32 1122

Velkomen til Kyrkje



6.mai kl 14.00

5.sundag i påsketida

Eliastunet

Familiesamling m/Jarle Wal-
demar. Ta med grillmat.

Arr: Syskenringen

13. mai kl 19.00

6. sundag i påsketida

Kvævemoen kapell

Høgmesse med nattverd

Offer til Mercy Ships

Kyrkjetrym Guddalsbrua-Seland

17. mai kl 10.00

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste

Offer til Redd Barna

20. mai kl 18.00

Sundag før pinse

Tonstad kyrkje

Samtalegudsteneste

Konfirmantfest på Kulturhuset

Offer til IKO

25. mai kl 20.00

Kvævemoen kapell

Konsert med Randi Tytingvåg

Kyrkjekjubiläum. Entré: Kr 100

27. mai kl 11.00

Pinsedag

Tonstad kyrkje

Høgtidsgudsteneste. Nattverd

Bursdagsfest for kyrkja.

Offer til Kyrkjelydsarbeidet

27. mai kl 14.00

Pinsedag

Kvæven / Degdammen /

Tollkohedlaren

Naturløstur med oppmøte på
Sirdal Fjellmuseum.

Om Tollkohedlaren: Magnar
Undheim

Om heieliv: Torjus Kvæven
Friluftskonsert: Kirsten Braa-
ten Berg og Daniel Sanden
Varg.

28. mai kl 11.00

2. pinsedag

Kvævemoen kapell

Jubileumsgudsteneste.

Kvævemoen kapell 50 år.

Sirdal Blandakor

Barn deltek

Offer til Normisjon, prosjektet i

Aserbajdsjan.

Festkyrkjekaffi på Sirdal Fjell-
museum.

3. juni kl 11.00

Treiningssundag

Tonstad kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste

Offer til kyrkjelydsarbeidet

10. juni kl 11.00

2. sundag i treiningstida

Lunde Kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste

Offer til kyrkjelydsarbeidet

17. juni kl 11.00

3. sundag i treiningstida

Haughom kapell

Familiegudsteneste

Offer til Ung kirkesang

Naturløstur frå Laugstøl til
Espetveit etter gudstenesta.

24. juni kl 11.00

4. sundag i treiningstida

Lunde Kyrkje

Høgmesse med nattverd

Offer til Sørlandet IMF

24. juni kl 19.00

4. sundag i treiningstida

Tonstad Kyrkje

Høgmesse med nattverd

Offer til Tonstadli

27. juni kl 19.30

Tonstad kyrkje

Sommarkonsert Ragnhild

Maria Sandvik og Ingrid Berg

8. juli kl 11.00

6. sundag i treiningstida

Tonstad Kyrkje

Høgmesse med nattverd

Offer til Institutt for sjelesorg

12 juli kl 19.30

Tonstad kyrkje

Sommarkonsert Anna Carlsen

og Ghislain Gourvennec

Cello, orgel og cembalo.

22. juli kl 11.00

8. sundag i treiningstida

Lunde Kyrkje

Høgmesse med nattverd

Offer til Åpne Dører

29. juli kl 12.30

9. sundag i treiningstida

Kvinen Turiststasjon

Olsokgudsteneste. Felles

naturløstur frå Donsen i

Solheimsdalen kl 09.30.

5. august kl 11.00

10. sundag i treiningstida

Tonstad Kyrkje

Høgmesse med nattverd

Offer til Menneskeverd

12. august kl 11.00

11. sundag i treiningstida

Haughom kapell

Gudsteneste

Offer til Ung kirkesang

19. august kl 11.00

12. sundag i treiningstida

Sirdal Fjellmuseum

Friluftsgudsteneste i samar-
beid med Valle og Bykle.

26. august kl 11.00

13. sundag i treiningstida

Tonstad Kyrkje

Høgmesse med nattverd

50-års konfirmantar

Offer til Misjonshøgskulen



Kultur

KALENDER



www.sirdal.kommune.no

Tlf. 38 37 90 00

ARRANGEMENT

TYS DAG 8. MAI

KINOVISNING: 13 DAGAR I APRIL

Sirdal komm. Kino / 19:00 / kr. 80

TYS DAG 15. MAI

VÅRSPRELL MED ELEVAR FRÅ SMoK

Sirdal kulturhus / 18:00 / fri entré

Fredag 25 - måndag 28. mai

JUBILEUM - KVÆVEMOEN KAPELL UTSTILLING PÅ MUSEET

Kvævemoen kapell / Sirdal Fjellmuseum

Tysdag 19. juni

KONSERT MED BJØRO HÅLAND

Sirdalsheimen / 17:00 / kr. 100

ARRANGEMENT

Kvar onsdag 27. juni - 8. august

GUIDA TURAR PÅ SIRDALSVATNET

Avgang frå Eliastunet / 12:00

Torsdag 19 - laurdag 21. juli

SKIFESTIVALEN BLINK

Sandnes sentrum og Lysebotnen

Sundag 5. august

ORDFØRARENS TUR: KULTURVANDRING TIL OVEDAL MOLYBDENGRUVER

Oppmøte: Eliastunet kl. 12:30

Laurdag 18. august

HILLEKNUTEN OPP

Sirdal Høyfjellshotell / 12:00

K I F - TILSKOT

Eining for kultur og fritid vil minne om følgjande tilskotsordning som gjeld for enkeltarrangement:

KIF (Kultur - Idrett - Fritid)

Formål: Tilskotet skal styrke og skapa breidde innanfor kultur, idrett og fritidstilbodet i Sirdal kommune, samt stimulere til økt trivsel i lokalsamfunnet. Tilskotet skal gje rom for bruk av profesjonelle krefter og aktørar.

KIF-tilskot kan delast ut til bedrifter, enkeltpersonar og lag/foreiningar i Sirdal. Tilskotet skal i hovudsak gå til dekking av underskot i samband med større arrangement eller til aktivitetar innanfor det utvida kulturomgrepet.

Tilskot kan søkjast heile året, men det må leverast inn minimum 4 veker før arrangementet. Søknadsskjema fins på heimesida til kommunen.

SIRDAL KOMMUNE - EINING FOR KULTUR OG FRITID - RÅDHUSET - 4440 TONSTAD - www.sirdal.kommune.no

KIF

SOMMARKONSERT PÅ SIRDALSHEIMEN: BJØRO HÅLAND



TYSDAG 19. JUNI: Foreininga *Fredagsklubben* inviterar til konsert med Bjørro Håland i sansehagen (Sirdalsheimen).

I tillegg til konsert vert det servering av kaffi og vaflar, og *Fredagsklubben* håper mange vil ta turen til Sirdalsheimen denne dagen. Dei håper på go'ver, om ikkje, så vert konserten flytta inn i kantina.

Konserten byrjar kl. 17:00 og entré er kr. 100,- (fri entré for bebuarar ved Sirdalsheimen)

Foreininga *Fredagsklubben* starta opp i 2005 etter initiativ frå Erik Grødem, Leif B Hansen, John Stangeland mfl. Hovudmålet er å lage til sosialt samvær for eldre i Sirdal, og det er fast treff kvar fredag i Tunheimhuset frå kl. 10:00 og her ønskjer dei alle vel møtt. Foreininga har tidlegare arrangert konsert, turar og internettkafé for eldre.

Fredagsklubben gjer eit viktig arbeid for eldre i kommunen og er med på å gje innbyggjarane eit breiare kulturtilbod. Konserten får KIF-tilskot frå eining for kultur og fritid.



SKIFESTIVALEN BLINK

JULI: Sirdal kommune er ein av hovud-sponsorene til Noregs største rulleski-festival: BLINK - som vert arrangert i Sandnes 19 - 21. juli.

19. juli startar festivalen med LYSEBOTN OPP - eit spektakulært motbakkeløp på rulleski. Løparane skal opp 640 høgdemeter i løpet av 7.5 km. Løpet tek til ved fjorden, løypa går i 27 svingar opp den bratte fjellsida og mål er oppe på fjellet!

I fjor var det reine "Tour De France"-stemninga langs vegen, strålende sol og norske flagg. Ein vil oppmode alle til å ta turen hit denne dagen for å heie fram løparane.

Festivalen held fram i Sandnes sentrum 20 og 21. juli med tettpakka sportsleg program. Her kan du sjå sprintduellar, skyteduellar m.m. Det er òg flotte aktivitetar for born.

Sirdal kommune har eigen stand i sentrum, og me ønskjer alle vel møtt til ein tur innom her medan de er på BLINK.

LOKAL TILSTELLING

I forkant av BLINK skal det franske landslaget (innanfor skiskyting og langrenn) ha si treningssamling Sirdal.

I samband med dette vert det ei lokal tilstelling nede ved båthuset der me oppmodar folk til å kome. Her vert det grill, tevlingar m.m. Meir informasjon kjem på nettsida til kommunen.



Marit Bjørgen på veg opp Lysebotnen.




Øystein "Pølsa" Pettersen i Sandnes



Unge sirdølar fekk treffe Therese Johaug på Sirdal sin stand i Sandnes.

SIRDAL





Sirdal Fjellmuseum

Sirdal Fjellmuseum på Kvæven opna dørene i 1998 og har frå den tid vore arena for mange ulike aktivitetar og arrangement.

Bygdetunet inneheld 10 eldre bygningar, stiar og rasteplass. Slik er det ein attraktiv stopp for vegfarande. Om vinteren er parkeringsplassen sentral i samband med skiløypene her.

TURISTINFORMASJON

Turistinformasjonen er open kvar dag gjennom heile året, bortsett frå nokre helger vår og haust.

I turistinformasjonen er det Siw Omlid og Målfrid Kvæven som er vertinner, kontaktinformasjon er: Tlf.: 38 37 93 30 eller E-post: turist@sirdal.kommune.no

KONTOR FELLESSKAP

Museumsleiar har kontor knytt til turistinformasjonen.

Sirdalsferie AS disponerar eit kontor til dagleg leiar og eit til prosjektleiar for m.a. Sirdalsdagane.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde (SVR) har kontor for sin verneområdeforvaltar.

Statskog har òg kontor for sin lokale representant.

Sandnes Kiropraktorklinikk er tilgjengeleg på Kvæven etter avtale, i helger og ferie gjennom vinterhalvåret.



Museumsleiar Renate M. Hahn Stokkeland viser gjerne veg gjennom Sirdal si kulturhistorie.



UTSAL

Turistinformasjonen har sal av kart, fiskekort, golfpolettar, fjelljeger, prospektkort, bøker og filmar med lokalhistorisk innhald. Litt kioskvarer er òg mogleg å kjøpe her.

Sirdalsferie har eigen "butikk" med ulike profilartiklar, vandreguide og fiskekart.

I godt samarbeid med medlem av Sirdal Husflidslag m. fl. er det laga til ei fast salsutstilling av ulike lokalprodusert handarbeidsprodukt, her kan ein òg finne saue-skinns og måleri.



ARRANGEMENT OG SELSKAP

Filmrommet og den trivelege peisestova vert nytta til medlemsmøte, styremøte, ulike kurs, bryllupsfeiring, konfirmasjon, minnesamvær, fødselsdagar mm.

Eining for kultur v/museumsleiar har òg eigne arrangement her, t.d. konsert, utstilling og foredrag.

Det største årlege arrangementet knytt til fjellmuseet er Sirdalsdagane, som stort sett vert arrangert fyrste helg i september - då er det yrande liv på heile område!



TURMÅL MED PANORAMAFILM / SERVERING / OMVISING

Som ein del av tilbodet på museet kan ein tilbyde panoramafilm. Ein film syner Sirdal i vekslande årstider, dyre- og planteliv i lågland og heieområde. Ein kan òg tilbyde ein tilsvarande film som i tillegg til Sirdal, syner Flekkefjord og Kvinesdal.

Sirdal Fjellmuseum er eit populært mål for bussturar. Her kan ein etter nærare avtale, få "skreddarsydd" eige opplegg som inneheld film, omvising, servering og anna informasjon.

JUBILEUM OG UTSTILLING

Den 27. mai feirar Kvævemoen kapell 50 år. Dette vil museet òg vera med på å markere.

Sterke tradisjonar knytt til kyrkja sine hendingar gjennom livsløpet. Med bakgrunn i dette vert det laga til ei utstilling av eldre dåpskjolar og andre tekstilar, gjenstandar og bilete.

Utstillinga opnar 25. mai.

Har du noko å låne bort til denne utstillinga? Då ber me deg ta kontakt med museumsleiar på tlf.: 38 37 93 33

MUSEET ETTERLYSER "VENER"

For å få til ei god ordning i samband med vedlikehald av bygdetunet, så ønskjer museumsleiar å skipe til "Bygdetunets vener".

Ein ønskjer å invitere til utføring av lettare arbeid i kombinasjon med sosialt samvær.

Dei som er interessert i å vera "ven" med bygdetunet, kan ta kontakt med museumsleiar.



I helger og ferie gjennom vinter-sesongen er det sal av noko og bite i samt drikke. Vel møtt til fjellmuseet!



Feiring av nasjonaldagen i Sirdal kommune

Omkring i vår langstrakte kommune har me 3 ulike 17. mai komitear som gjer sitt beste for å lage til ei flott ramme kring feiringa av nasjonaldagen 2012. Dei ønskjer alle vel møtt til å feire dagen, sjå program nedanfor.

Tonstad

- 08:00 Flagghaising - korpset spelar
09:00 Markering v/minnestøtta på Strånda
 helsing v/Sven Egil Testad
10:00 Festgudsteneste i Tonstad kyrkje
11:00 17. mai toget startar frå kyrkja
 Appell ved Sirdalsheimen
 v/ May Britt Ousdal

Sirdal kulturhus:

- 12:00 Korpset spelar
 Orientering om dagens program
12:30 - 13:30 Leikar for born
13:00 - 14:00 Natursti for heile familien
 v/Sirdal Historielag
 Sporleik for born og unge
13:45 Song og musikk v/ Søskenringen
14:30 Innslag v/Sirdal Kulturskule (SMoK)
15:00 Tale for dagen v/Jonny Liland
15:30 Leikar for ungdom og vaksne
16:30 Premieutdeling
16:45 Ungdomsfilm
19:00 Familiefest på kulturhuset
 Arr.: Sirdal Blandakor

Konferansier for dagen: Kjell Hergot
Tonstad Idrettslag sel grillmat, is, brus,
pølser, kaffi og kaker.

Sinnes

- 10:00 Andakt v/Torunn Handeland
10:30 Natursti og leikar
12:00 Lapskaus og kaker
13:30 Tale for dagen v/Jonny Liland
14:00 Tog
 Premiering for beste gruppe i natursti

Øksendal

- 13:30 Samling på Øksendal Grendehus


Lapskaus, kaffi, brus og kaker.
Leikar for born og vaksne.
Natursti.
Sal av pølser, brus og is.

Entré: Vaksne kr. 100 / born kr. 50
Familie kr. 250

- 19:00 Grillsamling på Øksendal Grendehus
 med song og musikk.
 Ta med grillmat. Alle vel møtt!

GUIDA TUR:

Sirdalsvatnet og Øksendalstjødna



Guida turar på Sirdalsvatnet kor ein ser nærare på den rike kulturhistoria som fins i området. Turen går med båt frå Tonstad til Haughom. Her blir det retur i veteranbussen "Turisten" - inkludert ein tur rundt Øksendalstjødna. Turen varar om lag 3 timar.

Sommaren 2012 vert turane arrangert kvar onsdag kl. 12:00 f.o.m. 27. juni - t.o.m. 8. august.

Avreise er frå Eliastunet, og billett kan kjøpast ved Turistinformasjonen.

Hilleknuten 1209

Hilleknuten 1209 er eit fantastisk motbakkeløp til toppen av Fidjeland.

I år vert arrangementet laurdag 18. august kl. 12:00. For meir informasjon og påmelding, sjå:
www.nordsjorittet.no



VEL MØTT PÅ KINO:

Tysdag 8. mai vert det visning av filmen "13 DAGER I APRIL" som skildrar opplevingar frå det tyske angrepet på Noreg 9. april 1940.

Minna har brent seg fast i unge sinn og vert gjenfortald med ei blanding av redsel og humor - 70 år etter at det skjedde. Ti av dei som var med i desse kampane her i Sør-Noreg fortel no sin historie for fyrste gong på film, frå angrepet om morgonen til kampane tok slutt i Gloppedalsura 22. april 1940.

Denne spesialvisninga er eit samarbeid mellom Sirdal komm. kino og Sirdal Historielag. Filmen byrjar kl. 19:00 og billettpris er kr. 80,-

ORDFØRARENS TUR:

Kulturvandring til Klovsteinen og Ovedal Molybdengruver

Sundag 5. august ønskjer ein alle vel møtt til "Ordførarens tur". Turen går heievegen frå Tonstad til Ovedal.

På denne strekkinga over heia er det flott natur og kulturminne som ein skal sjå nærare på. Ein går forbi eit flott område med "brudle" og det vert sjølvsagt ein pust i bakken ved Klovsteinen.

"A/S Ovedal Gruber" var i drift fyrste gong i 1918. Gruvene ligg 1 km oppe i heia, vest for Ovedal. Det er registrert 3 sjakter i området, i tillegg er det ein rekke små brudd her.

Felles avgang frå Eliastunet kl. 12:30. Retur frå Ovedal til Tonstad i *Turisten*.

Nyheit: Benk ved Klovsteinen

Det har no kome opp ein flott benk ved Klovsteinen som alle kan nytte seg av. John Stangeland har vore primus motor og "møbelsnekker" - eining for kultur takkar for initiativ og god hjelp!





Fotograf T. Dahl
Tønnes Andreas Jonassen
Øksendal (1884 - 1979)

Han var sjølvlærd som fotograf. Mykje av utstyret til framkalling og kopiering laga han sjølv. Den store samlinga av fotografi inneheld m.a. portrett, vegarbeid, bryllaup og gravferd.

Frå fotograf T. Dahl si skattekte:

Det er fleire bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til. Kjenner du att personane på dette bilete, eller har du anna informasjon?

Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret, tlf.: **38 37 90 70** eller sende ein E-post til: **gko@sirdal.kommune.no**